



JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET
JUSTIS-
OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8005 Dep. Postboks 8005 Dep.
00300030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Silje Sævik Bøe, 5557 2125

Høyringsvar – Endringar i personopplysningsloven mv. (unntaket for yrtings- og informasjonsfridom, tilhøvet til offentleglova, om personopplysningslova gjeld for Svalbard)

Vi viser til høyringsbrev av 10.09.2019 frå Justis- og beredskapsdepartementet. Her følgjer kommentarane frå Fylkesmannen i Vestland.

Generelle kommentarar

Vi sluttar oss til hovudtrekka i framlegget. I høyringssvaret vårt vil vi kommentere enkelte problemstillingar i kapittel 3 om tilhøvet mellom personopplysningsloven og offentleglova.

Kapittel 3 Tilhøvet mellom personopplysningsloven og offentleglova

Fylkesmannen viser til departementet sine vurderingar i høyringsnotatet kapittel 3.2.1, og legg til grunn at personvernforordninga artikkel 86 opnar for at nasjonale reglar om innsyn kan gå føre reglane i forordninga viss dette er nødvendig for at forordninga ikkje skal avgrense innsynstilgangen.

Slik Fylkesmannen ser det, er det pedagogisk og klargjerande at tilhøvet mellom offentleglova og personvernregelverket blir presisert i lovføresegn i personopplysningsloven. Etter gjeldande rett må dette avgjerast ved ei tolking av forordninga (og fortalen til forordninga) og offentleglova, og går ikkje fram av personopplysningslova eller innleiande føresegn i forordninga. Vi er samde i at dette kan føre til ein uklar rettstilstand og ulik praktisering av reglane. Ein regel om at offentleglova går føre ved eventuell motstrid, eventuelt at forordninga og personopplysningsloven gjeld fullt ut, men ikkje avgrensar innsynsretten etter offentleglova, vil kanskje vere enklast å praktisere (og i samsvar med ordlyden i tidlegare § 6 i personopplysningsloven av 2000). Slik vi ser det, kan ei slik formulering gjere det klarare at forordninga skal tolkast slik at ho ikkje avgrensar innsynsretten, sjølv om dette også er tilfellet når ein slår fast at forordninga og personopplysningsloven gjeld fullt ut ved utlevering etter offentleglova. Vi er ikkje kjende med at det finst reglar i forordninga som let seg tolke og bruke slik at innsynsretten etter offentleglova blir avgrensa. Av omsyn til eit tydeleg regelverk er det viktig at dette blir grundig vurdert viss ein går for departementet sitt forslag om utforming av regelen om tilhøvet mellom regelverka.

Fylkesmannen støttar vidare forslag om å gjere unntak frå innsyn i samanstillingar og oversikter over personopplysningar som oppstår som ei direkte følge av innsynskrav etter personvernforordninga art. 15, jf. nytt sjettedde i offentleglova § 26. Vi er samde i at omsyna som ligg til grunn for



innsynsretten etter offentleglova i liten grad gjer seg gjeldande for desse dokumenta, at innsyn vil kunne svekke personvernet og ikkje vere i samsvar med formålet med artikkel 15 og dessutan gjere det mindre aktuelt å bruke innsynsretten etter forordninga. Vi er også samde i at det ikkje er behov for tilsvarande unntak frå retten til partsinnsyn.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Anne Kristin Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent